
Vår referanse 2020/76935-2
Dato 16.12.2020

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Innspel til stortingsmelding om langsiktig verdiskaping frå norske energiresursar

Ettersending av saksgang og protokoll frå politisk handsaming av fråsegn til arbeidet med stortingsmelding om langvarig verdiskaping frå energiresursar og vegkart for hydrogen.

Med helsing

Bjørnar Tjøflot
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet	314/20	10.12.2020

Innspel til stortingsmelding om langsiktig verdiskaping frå norske energiressursar

Forslag til innstilling

Vestland fylkeskommune sitt samla innspel til olje- og energidepartementet sitt arbeidet med stortingsmelding om langsiktig verdiskaping frå norske energiressursar går fram av vedlagt sak.

Vestland fylkeskommune vil trekke fram følgande som sentrale innspel:

- Sentralt å styrk det norske kraftnettet for å legge til rette for grøn omstilling og nyetablering.
- Ein bør ta utgangspunkt i, og bygg vidare på det Noreg kan innan vasskraft og petroleum.
- Stortingsmeldinga bør støtte norsk havvindsatsing.
- Stortingsmeldinga bør ha høge ambisjonar, føreseielege rammer og ein tydeleg plan for korleis Noreg skal skalere opp bruken av hydrogen

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 10.12.2020

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Vestland fylkeskommune vil trekke fram følgande som sentrale innspel:

- Sentralt å styrke det norske kraftnettet for å legge til rette for grøn omstilling og nyetablering.
- Ein bør ta utgangspunkt i, og byggje vidare på det Noreg kan innan vasskraft og petroleum.
- Vestland fylkesting vil ikkje ha utbygging av vindkraft i urørd natur eller på bekostning av viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med kommunestyrevedtak. Vindkraft til havs skal utviklast i samråd med havbruk- og fiskeinteressene
- Stortingsmeldinga bør ha høge ambisjonar, føreseielege rammer og ein tydeleg plan for korleis Noreg skal skalere opp produksjon og bruk av hydrogen»

Natalia Golis (MDG) sette på vegner av MDG, A, Sp, SV og Krf fram slikt forslag:

«Alternativ:

Vestland fylkeskommune sitt samla innspel til olje- og energidepartementet sitt arbeide med

stortingsmelding om langsiktig verdiskaping frå norske energiresursar går fram av vedlagt sak.

Vestland fylkeskommune vil løfta fram det følgande som sentrale innspel:

1. Å styrka det norske kraftnettet for å legge til rette for grøn omstilling og nyetablering må stå sentralt.
2. Ein bør ta utgangspunkt i, og byggja vidare på, norsk kunnskaps-, human- og økonomisk kapital innan vasskraft og petroleum
3. Stortingsmeldinga bør støtte norsk havvindsatsing. Utbygging av havvind må skje i samråd med fiskeriinteressene.
4. Stortingsmeldinga bør ha høge ambisjonar, føreseielege rammer og ein tydeleg plan for korleis Noreg skal skalere opp bruken av GRØN hydrogen
5. Energimeldinga må ha som premiss at EU sitt mål om 55 % kutt av klimagassutslepp innan 2030 og netto null klimagassutslepp i 2050 gjer omstilling av energipolitikken naudsynt
6. Energimeldinga må sjå moglegheitene i framtidas energisektor i samheng med natur- og miljøvern, og konsekvensane for desse
7. Energimeldinga bør ha høge ambisjonar og ein tydeleg plan for energiøkonomisering.
8. Energimeldinga må rette opp distriktsutfordringane innanfor nettleiga.»

Avrøysting

Golis sitt forslag vart vedteke mot 7 røyster (Frp, H, FNB og UA).

Andersen sitt forslag fekk 2 røyster (FNB og UA) og fall.

Innstillinga første avsnitt vart vedteke mot 2 røyster (FNB og UA).

Innstillinga resterande del fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Vedtak

Vestland fylkeskommune sitt samla innspel til olje- og energidepartementet sitt arbeide med stortingsmelding om langsiktig verdiskaping frå norske energiresursar går fram av vedlagt sak.

Vestland fylkeskommune vil løfta fram det følgande som sentrale innspel:

1. Å styrka det norske kraftnettet for å legge til rette for grøn omstilling og nyetablering må stå sentralt.
2. Ein bør ta utgangspunkt i, og byggja vidare på, norsk kunnskaps-, human- og økonomisk kapital innan vasskraft og petroleum
3. Stortingsmeldinga bør støtte norsk havvindsatsing. Utbygging av havvind må skje i samråd med fiskeriinteressene.
4. Stortingsmeldinga bør ha høge ambisjonar, føreseielege rammer og ein tydeleg plan for korleis Noreg skal skalere opp bruken av GRØN hydrogen
5. Energimeldinga må ha som premiss at EU sitt mål om 55 % kutt av klimagassutslepp innan 2030 og netto null klimagassutslepp i 2050 gjer omstilling av energipolitikken naudsynt
6. Energimeldinga må sjå moglegheitene i framtidas energisektor i samheng med natur- og miljøvern, og konsekvensane for desse
7. Energimeldinga bør ha høge ambisjonar og ein tydeleg plan for energiøkonomisering.
8. Energimeldinga må rette opp distriktsutfordringane innanfor nettleiga.

Samandrag

Olje- og energidepartementet har oppfordra til å sende inn skriftlege innspel til arbeidet med stortingsmelding om langsiktig verdiskaping frå norske energiresursar. VLFK rår til styrking av det norske kraftnettet, byggje vidare på vasskraft og petroleum og støtte til havvindsatsing. VLFK har også gjeve innspel til eit vegkart for hydrogen i Noreg. Der peikar VLFK i tillegg på stønad til utrulling/skallering, øyremerking av midlar, vidare satsing i maritimnæringa, internasjonalt samarbeid, hydrogeninfrastruktur og offentleg innkjøp.

fylkesrådmann

fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Regjeringa vil våren 2021 legge fram ei melding for Stortinget om langsiktig verdiskaping frå norske energiressursar. Målet med denne meldinga er å synleggjere det industrielle potensialet i norske energiressursar som grunnlag for framtidige lønsame arbeidsplassar.

Olje- og energidepartementet har oppfordra til å sende inn skriftlege innspel til arbeidet med stortingsmeldinga. Fristen for å kome med innspel er 10. desember 2020.

OED ber om to typar skriftlege innspel:

- 1) innspel til arbeidet med stortingsmeldinga generelt.
- 2) innspel til arbeidet med vegkart for hydrogen.

Under følgjer dei fulle innspela frå Vestland fylkeskommune:

1) Innspel til stortingsmelding om langsiktig verdiskaping frå norske energiressursar

Vestland fylkeskommune (VLFK) vil takke regjeringa for å ta initiativ til den første energimeldinga som ser på heile energifeltet, både fornybar- og fossil energi, i same melding. Vidare følgjer VLFK sine innspel til denne meldinga.

Styrk det norske kraftnettet for å legge til rette for grøn omstilling og nyetablering
Potensialet for å satse på ny kraftkrevjande industri er høgt i Noreg samanlikna med elles i Europa. Etter VLFK sitt skjønn bør det vere å eit mål å auke elektrifiseringsgrada i Noreg frå 41 % av total energibruk i dag. Noreg produserer store mengder rein og billeg elektrisk kraft, ettertrakta av aktørar som vil ha produksjon med eit godt klimarekneskap. Det ligg likevel føre utfordringar vi må løyse for å realisere dette potensialet i stor skala. Grunna stadvis betydeleg større auke på behovsida enn venta av Statnett, krevst no eit betydeleg større tempo på oppgraderinga av overføringsnettet i Vestland. Energimeldinga må oppfordre til eit større tempo på arbeidet med oppgradering av kraftnettet og slik støtte etablering av ny kraftkrevjande grøn industri.

Næringslivet på Vestlandet ligg strategisk til for eksport og har eit industrielt kompetansemiljø som er ettertrakta for etabler ny fornybar industri. Vestland har store areal, djupe kaifrontar, infrastruktur, kompetent arbeidskraft, akademia og nærleik til Bergen. Etter lengre tids tilrettelegging for ny industri, opplever interesserte aktørar no at dei grunna manglande kapasitet i deler av kraftnettet, ikkje får tilgang på krafta dei treng for å etablere seg. Dette er problematisk for regionen, som misser etableringar og potensielle arbeidsplassar. Dette er også ei nasjonal utfordring, sidan lokaliseringsskampen ofte vil stå mot etablering i utlandet.

I eit klimaperspektiv bør storstilt kraftbruk lokaliserast relativt nært produksjonen (store vasskrafthubar og ev. framtidige havvindparkar). Dette gjev mindre tap i overføringsnettet. Utbetring av kraftnettet i Vestland må difor prioriterast, framfor at krafta som vert produsert i Vestland vert transportert over lengre avstandar til andre deler av landet.

Statnett sin nye KVU for Bergensregionen viser at dei ønskjer å byggje eit nytt kraftsamband mellom kraftproduksjonen inne i fjordane og Kollsnes ved kysten. Kollsnes har eit stort kraftbehov og er eit knutepunkt for vidare kraftutveksling med olje- og gassfelt på norsk sokkel. Dette vil, saman med oppgradering av dagens nett i ytre deler av Vestland, styrke desse områda som aktuelle stader for ny fornybar industrietablering.

Statnett peikar også på fleire tiltak som vil styrka kraftnettet fram mot etablering av nytt kraftsamband. Felles for desse og flaskehalsane er at dei har relativt lang realiseringstid. Energimeldinga må støtta opp under arbeid som regionen vil gjere saman med Statnett og regionale nettselskap, om å gå gjennom status og utbetringmoglegheiter i detalj for å fremje ein plan som mogleggjer gradvis opning for ny tilkopling til kraftnettet for nye kundar.

Ta utgangspunkt i, og bygg vidare på det Noreg kan

I eit normalår produserer Noreg om lag 151 TWh elektrisk energi der vasskraft utgjer om lag 90 %. NVE anslår i sitt faktaark Nr. 6/2020 at det vidare er teknisk-økonomisk mogeleg å produsere 23 TWh meir per år basert på nye utbyggingar og opprusting og utviding av eksisterande vasskraft.

Dette vil gje eit betydeleg bidrag til kraftmarknaden i Noreg. Vasskraft er regulerbar, trygg, utsleppsfri og bidreg i mange tilfelle også som lokalt klimatilpassingstiltak ved å motvirke flaumfaren i vassdraga våre. Potensialet eksisterande og ny vasskraft har for flaumreduksjon og kraftnettstabilisering må verdsettast høgare framover.

Norsk olje- og gassindustri er svært viktig for verdiskapinga i Vestland så vel som i landet elles. Næringa har normalt vore sær s lønsam og har over tid utvikla verdslaiande kompetanse. Produksjon på norsk sokkel har låge utslepp per produsert eining, og vi er kjende for stabile rammevilkår.

Sjølv om prisane på fornybar energi, mellom anna ut frå erfaringslæring og skalaeffektar, vert stadig meir konkurransedyktige, så legg sentrale miljø (som IEA) til grunn at det også på lengre sikt vil vere trong for petroleum, og då ikkje minst gass. Norsk olje- og gassindustri samlar mykje verdfull kompetanse og kapital, innsatsfaktorar som er avgjerande for å kunne satse på nye utfordrande område. Flytande vindkraft er eitt døme, mineralar på norsk sokkel eit anna. Sistnemnde føreset mellom anna leite- og borekompetanse. I påvente av at marknaden utviklar seg, må vi sørge for halde kompetansen intakt.

Planane for Northern Lights må realiserast. Det er vanskeleg å gjere alle prosessar utsleppsfrie, og fangst og lagring av CO₂ må inngå i verktøykassa. Infrastrukturen vil sette Noreg på kartet, CO₂ vert tilgjengeleg for eventuelle nye forretningsmodellar, og det vert mogleg å produsere hydrogen frå naturgass i store volum tilnærma utan utslepp.

Blant satsingsområda på norsk sokkel, og ikkje minst i nordlege delar av Nordsjøen utanfor Vestland, bør vedlikehald av installasjonar og annan infrastruktur prioriterast høgt. Dette vil sikre at feltnære funn kan utviklast relativt raskt og rimeleg. Kortare horisont reduserer marknadsrisikoen, og kan sikre sysselsetting av olje- og gasskompetanse, som vi etter kvart vil trenge innan nye forretningsområde.

Støtt norsk havvindsatsing

Havvind har et sær stort marknadspotensiale. I EU sin strategi for offshore fornybar energi, føreslåast det å auke den europeiske offshore vindkapasiteten frå dagens nivå på 12 GW til 60 GW innan 2030 og vidare til 300 GW innan 2050. I Vestlandscenariene (EY, 2020) vert havvind framheva som eit nøkkelområde for framtidig verdiskaping og eksport i Vestland.

For at industrien i Vestland skal ta ein tydeleg posisjon i havvindmarknaden er vi avhengige av å raskt skape ein norsk heimemarknad for havvind. Dette er spesielt viktig for flytande havvind, der kompetanse og teknologi frå norsk maritim-, olje- og gassnæring har spesielt høg overføringsverdi. I energimeldinga bør det difor leggst fram statlege verktøy for å realisera utbygging av dei første flytande havvindparkane på norsk sokkel med tilhøyrande leverandørkjeder. Energimeldinga bør også sette tydelege ambisjonar og ei tydeleg retning for utbygging av havvind på norsk sokkel.

Elektrifiseringa av offshore olje- og gassinstallasjonar må sjåast i tett samanheng med utbygging av nye havvindfelt på norsk sokkel. Den infrastrukturen som byggast i dag for å elektrifisere olje- og gassinstallasjonar på kort sikt, må byggast og dimensjonert slik at han i framtida kan nyttast til distribuering av kraft frå havvindparkar der dette er hensiktsmessig og mogleg.

Energimeldinga må legge tydelege føringar for samhandling. Planlegging av framtidige havvindfelt må sjåast i samanheng med utbygging av kraftnettet på land, der ein i framtida vil etablere ny kraftkrevjande industri, produksjon av energiberarar som hydrogen og ammoniakk og der det vil vere hensiktsmessig å utveksle kraft med utlandet.

Til slutt meiner VLFK at energimeldinga må ha som premiss at EU sitt mål om 55 % kutt av klimagassutslepp innan 2030 og netto null klimagassutslepp i 2050 gjer omstilling av energipolitikk naudsynt.

2) Innspel til norsk vegkart for hydrogen

Det aller viktigaste dette vegkartet for hydrogen må gi er høge ambisjonar, føreseielege rammer og ein tydeleg plan for korleis Noreg skal skalere opp bruken av hydrogen. I det følgande er Vestland Fylkeskommune sine innspel til det norske vegkartet for hydrogen lista.

Støtte til utrulling/skalering.

Noreg har gode støtteordningar for forskning og innovasjon, men ikkje tilstrekkelege ordningar for utrulling eller skalering av teknologi. Dette medfører i dag at utviklinga stagnerer på eit stadium der ein veit løysingane fungerer, men der ein ikkje har oppnådd tilstrekkeleg volum til kommersiell drift og økonomisk levedyktigheit. Her bør ein f eks endre Enova sitt mandat til å betre ivareta denne skaleringa av teknologien.

Øyremerka midlar

Noreg og norske aktørar har stort behov for tydeleg nasjonalt leiarskap som set retninga og sørger for ei føreseieleg utvikling. Det må øyremerkast signifikante midlar til utvikling og utrulling av hydrogenteknologi i Noreg. Noreg har klare ambisjonar om reduksjon av klimagassutslepp, men har endå ikkje vist dei musklane som skal til for å oppnå dette.

Maritim konkurransekraft

Noreg er ein nasjon med sterk kompetanse innan maritim sektor. Det er essensielt at Noreg driv utviklinga av grønne løysingar innan maritim sektor for å sikre at vi også i framtida er leiande på dette området.

Nasjonalt dekkande infrastruktur

Noreg treng sårt ein nasjonalt dekkande hydrogeninfrastruktur for landtransport og maritim transport. Desse bør samkøyrast så godt som råd mellom seg, men også med utbygging av ladestasjonar.

Ver merksam på, og ta del i europeiske samarbeid og støtteordningar

Horizon Europe (https://ec.europa.eu/info/horizon-europe_en)

Horizon Europe er eit støtteprogram for berekraftig utvikling i Europa. Dette tiåret har Noreg og norske aktørar stort potensiale for å få europeisk støtte til sine grønne prosjekt. Mange aktørar og prosjekt vil vere for små til å nå opp i denne ordninga. Eit eller fleire nasjonale initiativ for å samle fleire brukargrupper til felles satsing på tvers av sektorar og geografiske grenser har stort potensiale.

European Clean Hydrogen Alliance (https://ec.europa.eu/growth/industry/policy/european-clean-hydrogen-alliance_en)

ECHA er eit samarbeid initiert av EU. Dette skal stå for ei storstilt utrulling av hydrogenteknologi innan 2030. Gjennom alliansen ønsker EU å etablere sitt globale leiarskap innan feltet. Noreg og norske aktørar har moglegheit til å ta del i denne enorme satsinga og stort potensiale for å få gjennomført ei lettare utrulling av hydrogenteknologi i Noreg som følge av vår del i alliansen.

IPCEI (<https://www.hydrogen4climateaction.eu/>)

IPCEI (Important Projects of Common European Interest) er ei ordning under EU der europeiske leiarar einast om viktige europeiske prosjekt. I slike prosjekt står nasjonale myndigheiter friare til å støtte ein større prosentdel av prosjektet enn ein normalt har høve til. Her har Regjeringa høve til å verkeleg sette fart på det grønne skiftet gjennom å ta initiativ til eit nasjonalt løft inn mot f eks denne ordninga.

STRING (<https://stringnetwork.org/>)

STRING er eit nettverk med mål om å skape ein megaregion med berekraftige byar og samfunn. Her arbeider ein mellom anna med å etablere eit hydrogennettverk frå Hamburg til Oslo.

SCANDRIA (<https://www.scandria-corridor.eu/index.php/en/alliance>)

SCANDRIA er eit samarbeid for å skape eit berekraftig transportsystem i korridoren frå Skandinavia til Middelhavet.

Hydrogen Valleys (<https://s3platform.jrc.ec.europa.eu/hydrogen-valleys>)

Hydrogen Valleys er ei samling av stadig fleire europeiske fylker/regionar for auka samarbeid og utrulling av hydrogenverdikjeder i Europa. Gjennom denne plattformen, får ein betre kjennskap til dei europeiske støtteordningane og ein har betre tilgang til europeiske partnerar.

Olje- og gassnæringa

Noreg er dominert av olje- og gassnæringa, då store delar av vår inntekt kjem herifrå. For å sikre framtidige inntekter og arbeidsplassar, er det viktig å gradvis omstille denne bransjen til grønne næringar. Vi ser at steg i denne retning allereie er tekne av nokre aktørar. Equinor satsar meir på havvind og bruk av hydrogen og hjå CCB skal ein produsere hydrogen frå naturgass med CCS. Det er viktig at vidare nedtrapping av denne bransjen skjer naturleg som følger av nye, grønne moglegheiter. Ei slik moglegheit må vere storstilt bruk av hydrogen i den norske maritime flåten, lagt til rette for ved storstilt utrulling av infrastruktur og hydrogenproduksjon.

Offentleg innkjøp

Klimaambisjonar i fylkeskommunale anbod er essensielt statleg styrt, då risikoestimert meirkostnad er så høg per tid at den ideelle satsinga ikkje er realistisk med dei midlane fylkeskommunane sjølv rår over. Dette er uheldig, då fylkeskommunane har eit stort ønske om å drive det grønne skiftet framover gjennom offentlege innkjøp. For næringslivet er det viktig at fylkeskommunane gjer akkurat dette, for å skape ein føreseieleg marknad i denne tidlege fasen.

Ein kan her f eks ta i bruk differansekontraktar mellom stat og fylkeskommune ved krav om nullutslepp i anboda, der meirkostnaden dekkast om alternativkostnaden er billegare og fylkeskommunen tilbakebetalar differansen viss omvendt. Dette vil bety at fylkeskommunane står friare til å ta i bruk lengre kontraktar, som Statens Vegvesen har gjort på Vestfjorden-sambandet der anbodsperioden er 15 år, mot normalt 10 år. Dette gir mindre risiko og meir føreseielege rammer for næringslivet.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har avgjersmynde.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Viss regjeringa følgjer opp desse innspela frå VLFK vil dette gje store inntekter i vår region over lang tid, då Vestland har eller planlegg stor satsing innan desse næringane.

Klima: Desse innspela vil dra regjeringa mot ei satsing som gjev ny grøn næring og -omstilling som vil gje store kutt i klimagassutslepp. Desse satsingane bidreg til eit klimanøytralt Vestland i 2030.

Folkehelse: ikkje relevant utover effekten betre klima har på helsa.

Regional planstrategi: "Skriv kort tekst. Viss tema ikkje er relevant skriv du \«Ikkje relevant\»"

Konklusjon

VLFK ber Regjeringa om å auke tempoet på styrking av det norske kraftnettet. VLFK ber også regjeringa byggje vidare på vasskraft og petroleum og støtte norsk havvindsatsing. VLFK har også gjeve innspel til eit vegkart for hydrogen for Noreg. Der peikar VLFK i tillegg på stønad til utrulling/skallering, øyremerking av midlar, vidare satsing i maritimnæringa, internasjonalt samarbeid, hydrogeninfrastruktur og offentleg innkjøp.